HERØY
kommune



Foto: Mona Grethe Ryssevik

# Trafikktrygging 2022–2025

EI BÅTLENGD FØRE

Handsama av kommunestyret
K-sak 08/22 i møte 03.02.2022



# 1. Forord

Kommunen har ansvar for investeringar, drift og vedlikehald av det kommunale vegnettet. Som vegeigar har kommunen også eit spesifikt ansvar for trafikktryggingstiltak på kommunale vegar.

Folkehelselova og plan- og bygningslova gir kommunen generelt ansvar for å førebygge skader og ulykker lokalt. Kommunane har ansvar og verkemidlar som kan bidra til auka innsats i det lokale trafikktryggingsarbeidet. Kommunane er store arbeidsgjevarar og kjøparar av transporttenester. I tillegg er dei eigarar av barnehagar og skular.

Trafikktryggleik handlar om å kunne bevege seg trygt i sitt lokalmiljø, anten ein er fotgjengar, syklist, bilist – barn, ungdom eller vaksen.

Trafikktryggingsplan for Herøy kommune 2022-2025 er ein full revisjon av gjeldande trafikktryggingsplan som var vedteken i 2014.

Planen er grunnlag for kommunen sitt trafikktryggingsarbeid og bygger på regjeringa sin nullvisjon om null drepne og hardt skadde i trafikken.

Foto: Leikanger barnehage

# Innhald


1. Forord 2

2. Innleiing 4

2.1 Formål 4

2.2 Vedtak og organisering av arbeidet 4

2.3 Arbeidsform, deltaking og medverknad 6

2.4 Ulike vegkategoriar og ansvar 11

3. Nasjonale og regionale føringar i trafikktryggingsarbeidet 12

3.1 Nasjonale planar 12

3.2 Fylkesplanar 14

3.3 Kommunale planar 14

3.4 Lovgrunnlag 14

4. Aktuelle trafikktryggingsverktøy 16

4.1 Trafikksikker kommune 16

4.2 Hjartesone 16

4.3 Trafikkopplæring i barnehage og grunnskule 16

5. Mål og strategi 17

5.1 Mål - Nullvisjonen 17

5.2 Strategi 17

6. Måloppnåing/gjennomførte tiltak i gjeldande trafikktryggingsplan 19

7. Ulykkessituasjonen og utvikling i Herøy kommune 20

7.1 Trafikkmønster 20

7.2 Køyretøy 20

7.3 Kva kostar trafikkulykkene? 21

7.4 Trafikkskadeulykker i Herøy 22

8.Handlingsprogram 28

Større fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar. 29

Mindre fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar. 35

Små fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar. 45

Fartsredusertande tiltak på kommuneveg, fartsdumpar. 56

Langsiktige tiltak langs kommune- og fylkesveg 62

Åtferrdsendrande tiltak 63

Planleggingstiltak lang fylkesvegar og kommunevegar 64

9.Finansiering av trafikktryggingstiltak 68

Investeringsprogram fylkesvegar 2022-2031 69

# 2. Innleiing

## 2.1 Formål

Målet med ein kommunal trafikktryggingsplan er å auke kommunen sin innsats i trafikk-tryggingsarbeidet. Den kommunale trafikktryggingsplanen har i mange år fungert som styringsverktøy for Herøy kommune sitt arbeid med trafikktrygging. Planen har sidan 2001 vore ein føresetnad for å få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av tiltak for sikring av barn sin skuleveg på fylkesvegar og kommunale vegar. Herøy kommune nyttar Vegdirektoratet sin rettleiar, handbok V722, som utgangspunkt for planen.

Herøy kommune vedtok sin fyrste trafikktryggingsplan i 2002. Sidan då har planen hatt hovudrullering to gongar, i 2008 og i 2014. Handlingsplanen i trafikktryggingsplanen har vore revidert fleire gonger, sist i 2017.
Denne trafikktryggingsplanen gjeld for perioden 2022-2025 og omfattar revisjon av heile planen inkludert handlingsplanane.

## 2.2 Vedtak og organisering av arbeidet

Herøy formannskap vedtok 19.05.2020 oppstart med rullering av trafikktryggings-planen. Forslag til planprogram vart i tråd med plan- og bygningslova lagt ut for offentleg ettersyn/høyring i 6 veker. Oppstart var kunngjort i Vestlandsnytt 29.05.2020.

Trafikktryggingsarbeidet i Herøy kommune er forankra hjå kommunedirektør og ansvaret for prosessen er lagt til utviklingsavdelinga. Dei einskilde sektorane har ansvar for at tiltaka i planen vert gjennomført.

Under arbeidet med denne trafikktryggings-planen er det oppnemnd ei arbeidsgruppe beståande av følgjande representantar:

- Barnerepresentanten (pt politisk)
- Ein politisk representant
- Ein planleggar
- Ein representant frå anleggs – og driftsavdelinga

Kommunedirektøren si leiargruppe er referansegruppe for planarbeidet.



Foto: Nedlastning Adobe Stock

## 2.3 Arbeidsform, deltaking og medverknad

Både den politiske og administrative leiinga spelar ei aktiv rolle i planarbeidet. Trafikktryggingsplanen inngår i det kommunale planhierarkiet og vert gitt ei politisk handsaming i samsvar med dette. Kommunen sine innbyggjarar vert aktiviserte og gir verdifulle innspel til planprosessen. Dette bidreg til bevisstgjering og adferdsendring og vert difor i seg sjølv sett på som eit trafikktryggingstiltak.

Det kom inn tre innspel til planprogrammet i løpet av høyringsperioden. Planprogrammet vart stadfesta i planutvalet/formannskapet, F-sak 38/21 den 16. mars 2021 etter handsaming i maritim og teknisk komité, MTK-sak 25/21 i møte 08.03.2021. Planprogrammet har vore førande for planprosessen og arbeidet med trafikktryggingsplanen.

Det har kome inn mange og varierte innspel om trafikktrygging frå skular, grendelag og enkeltpersonar. Arbeidsgruppa har hatt fleire arbeidsmøte, synfaringar og møter med skular/FAU.




Figur 2: Innspel frå barnas transportplan. Barn og unge engasjerer seg i nærmiljø og trafikktrygging

## Dei unge sin medverknad i planprosessar

Born i dag er aktive og engasjerer seg i både nasjonale og globale problemstillingar. Klima og miljø skaper stort engasjement. Transport og mobilitet er også noko som engasjerar dei unge. Det er viktig å ta vare på dette engasjementet.

## Barnetrakk[1]

I samband med førre hovudrullering av trafikktryggingsplanen i 2012 blei det gjennomført barnetrakkregistrering .
Barna registrerte kvar dei ferdast i trafikken og kvar dei føler det er trygt og utrygt, både på veg til og frå skulen, til fritidsaktivitetar, leik m.m. Dette kunnskapsgrunnlaget har vi nytta i samband med rulleringa av planen, særleg i samband med prioritering i handlingsplanane.

Det har vore særleg hyggeleg å sjå at nokre av dei "raudaste" strekningane på karta frå barna no er utbetra, deriblant Skarabakken.

Barnetrakk er no digitalisert. No med moglegheiter for kvar enkelt kommune og skule å gjere sine registreringar, når det måtte passe for dei. Kommunen vil oppmode alle skulane om å nytte dette verktyet fram mot neste rullering av trafikktrygginsplanen. Ein kan også få hjelp frå kommuneadministrasjonen til gjennomføringa. Alle registreringar som vert gjort, vert lagra i portalen.




Figur 3: Kart i "barnetråkk" som viser alle registreringar gjort etter 2014. Herøy kommune si barnetrakkregistrering var gjort i 2012, så våre registreringar er ikkje med her. Uansett kan det vere tid for ei ny, oppdatert barnetrakkregistrering.



1. "Barnetråkk" er et gratis verktøy fra Design og arkitektur Norge og leveres av Skolelaboratoriet i realfag ved *UiB*.
*Link: www.barnetrakk.no*

**Samarbeid med ulike råd**
Sektor for samfunnsutvikling i kommunen har i mange år hatt eit tett samarbeid med råd for menneske med nedsett funksjonsevne om planlegging og utføring av saker som gjeld universell utforming og tilkomst. Dette gjeld både på/langs vegar, i samband med park-prosjekt og fellesområde og tilkomst til/løysingar for kommunale bygg.

Eldrerådet og ungdomsrådet er også råd som er nært knytt til kommunen sine planleggings-oppgåver og som administrasjonen søkjer råd og dialog med i aktuelle saker.

Samfunnsdelen av kommuneplanen sine seks gjennomgåande perspektiv skal speglast i alle deler av kommunen sitt virke, og trafikktrygging og tilkomst er ikkje noko unntak.

Dei seks perspektiva er:

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima





Foto: Universell utforming på gangvegen til gapahuken i Fosnavågparken/ Wenche Moltu

**Samfunnstryggleik (ROS)**
For risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) viser ein til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Herøy kommune (juni 2019) der vegtrafikkulykke er eige tema, nr. H8. Her er potensielle uønska hendingar og konsekvensar vurdert og sett i samanheng med beredskapen i kommunen. Trafikktryggingsplanen og prioritering og gjennomføring av tiltaka her, bidreg i positiv retning knytt til minska risiko for vegtrafikkulykker. Einskildtiltak i denne planen vert vurdert med eigne ROS-analysar i samband med reguleringsplanlegging.

**Konsekvensutgreiing (KU)**
Trafikktryggingsplanen utløyser ikkje krav om KU etter Forskrift om konsekvensutgreiing § 2,3 og 4. I tiltak der nye veglinjer vert diskutert og planlagd, vil krav om konsekvensutgreiing bli tekeopp til vurdering ved planlegging av dei einskilde veglinene. Planarbeidet vil vidare følgje reglane for handsaming og prosess for kommunedelplanar i plan- og bygningslova.

**Sentrale aktørar i trafikktryggingsarbeidet**
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Samferdselutvalet
- Statsforvaltaren
- Statens vegvesen
- Politiet
- Kommunestyret og politiske utval
- Kommunedirektør
- Utviklingsavdelinga
- Anleggs- og driftsavdelinga
- Servicetorget
- Folkehelsekoordinator
- Trygg Trafikk
- Oppvekst – barnehagar, skular og FAU

**Andre viktige aktørar**
- Bilorganisasjonane
- Forsikringsbransjen
- Trafikkskulane
- Forsikringsinstitusjonane
- Transportnæringa
- Media
- Redningstenesta
- Særskilde interesseorganisasjonar




Foto: Wenche Moltu




Foto: Wenche Moltu

## 2.4 Ulike vegkategoriar og ansvar

**Vegkategoriar**
I Herøy kommune har vi desse veg-kategoriane:

- Primære fylkesvegar (tidlegare riksveg)
- Sekundære fylkesvegar (vegar som var fylkesvegar også før reforma i 2010)
- Kommunevegar
- Privatvegar

Etter 2010 har vi ikkje riksveg i Herøy kommune.

**Ansvarsmynde**
Fylkeskommunen har ansvar for dei primære fylkesvegane, dvs. dei fylkesvegane som blei omklassifiserte frå riksveg til fylkesveg i samband med reforma i 2010.

Fylkeskommunen har ansvar for bygging, drift og vedlikehald av sykkelfelt og fortau med sykkelfelt langs det gamle fylkesvegnettet (sekundære fylkesvegar) fordi eit sykkelfelt og fortau er rekna som ein del av vegen.

Kommunen har ansvar for bygging, drift og vedlikehald av gang- og sykkelvegar langs det gamle fylkesvegnettet (sekundære fylkes-vegar).

Kommunane er ansvarleg for bygging av gang- og sykkelvegar langs «det gamle fylkesvegnettet», dvs. dei fylkesvegane som var fylkesvegar også før reforma i 2010.

Kommunen ber alt ansvar på kommunal veg.

Private ber alt ansvar langs privat veg.

# 3. Nasjonale og regionale føringar i trafikktryggingsarbeidet

## 3.1 Nasjonale planar

Stortingsmelding 40 legg vekt på at arbeidet med å betre trafikktryggleiken framleis må ha høg prioritet, med nullvisjonen som eit av hovudmåla for transportpolitikken.

Meldinga viser til at mange av dei enkle og mest effektive trafikktryggingstiltaka allereie er tekne i bruk, og at ein må samarbeide meir på tvers dersom ulykkestala skal bli ytterlegare redusert.

### Nasjonal Transportplan

I Nasjonal transportplan 2022-2033 (stortingsmelding 20) vidarefører regjeringa nullvisjonen og legg opp til maksimalt 350 drepne og hardt skadde på landsbasis i 2030. I ny nasjonal transportplan finst det ein eigen barnas transportplan. Denne finn du i kapittel 9, side 141-153.

### Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021

Nasjonal tiltaksplan følgjer opp måla i Nasjonal transportplan. For Møre og Romsdal er målet maksimalt 19 drepne og hardt skadde i 2030. Det vert no arbeidd med ein ny plan (2022-2025) der fylkeskommunen deltek i arbeidet.




Målkurve for Møre og Romsdal fylke. Frå "Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018-2021", Vedlegg 1 - Fylkesvise målkurver.

## Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023 viser ein til at regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Spesielt kapitelet om berekraftig areal- og transportutvikling er aktuelt for trafikktryggingsarbeidet.




Figur 6 FN sine berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Måla er grunnlag for regional og kommunal planlegging i Noreg. Du finn meir informasjon om dei ulike måla her.

## Folkehelsemeldinga

Folkehelsemeldinga (2018-2019) (Stortingsmelding 19) seier at trafikkulykker er eit betydeleg folkehelseproblem. Trafikktrygging og førebygging av ulykker står nemnt i meldinga. Det er eit nasjonalt mål at 80 prosent av alle barn og unge skal gå eller sykle til skulen.

Dette målet kan folkehelsearbeidet bidra til å nå.

Folkehelsearbeidet skal også bidra til at folk har tilgang til trygg transport.

## 3.2 Fylkesplanar

Møre og Romsdal fylke har fire ulike fylkes-strategiarinnan samferdsel:

- Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024
- Kollektivstrategi 2012-2021
- Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal
- Transportberedskapsplan

Møre og Romsdal fylke sin regionale plan Fylkesplan for berekraftsfylket Møre og Romsdal 2021-2024 kan du lese her.

## 3.3 Kommunale planar

Trafikktryggleik er knytt tett saman med kommunen sin generelle arealbruk. Kommuneplan samfunnsdel er Herøy sitt øvste styringsverktøy.
Kommuneplanen sin arealdel og kommunen sin praksis for dispensasjon frå arealplanar er avgjerande for trafikktryggleiken. Samordning av bustadareal og transportplanlegginga er avgjerande for å unngå unødvendig transport og for å nå 0-visjonsmålet. Kopling mellom trafikktryggingsplanen og kommunen si planlegging elles er difor svært viktig. Viser elles til kommunal planstrategi 2019-2023 som ein nyttig referanse.

Trafikktryggleik integrerast i kommunen si arealplanlegging, reguleringsplanlegging og dispensasjonshandsaming.
Nye utbyggingsområde i arealdelen skal ha trygg veg til barnehage og skule for dei minste. Ved regulering av nye bustadområde og fortetting skal det etablerast skilje mellom biltrafikk og uteopphaldsareal.
I den kommunale dispensasjonshandsaminga er det eit mål å unngå busetting i område som ikkje har trygg veg til barnehage og skule for dei minste.

## 3.4 Lovgrunnlag

Kommunen sitt ansvar når det gjeld trafikk-tryggingsarbeid er heimla i følgjande lover, forskrifter og stortingsmeldingar:

- Forskrift om miljøretta helsevern
- Veglova
- Lov om helseteneste i kommunen
- Plan- og bygningsloven
- Opplæringsloven
- Kunnskapsløftet – læreplanar
- Skuleskyss for grunnskulen
- Rammeplan for barnehagar
- HMS-forskrifta




Foto: Wenche Moltu

# 4. Aktuelle trafikktryggingsverktøy

I tillegg til barnetrakkregistrering som allereie er omtalt under kapittet 2.3, har vi eit par andre aktuelle verktøy i trafikktryggingsarbeidet.

## 4.1 Trafikksikker kommune

Godkjenningsordninga Trafikksikker kommune er eit kvalitetsstempel på at kommunen arbeider godt, målbevisst og samordna med trafikktrygging. For å oppnå godkjenning må eit sett kriterier vere oppfylt og skriftleg dokumentert. Ordninga femnar vidt og krev godkjenning i ulike sektorar/avdelingar i kommunen, skular, barnehagar, hos kommunelege og ved helsestasjonen. Trygg Trafikk forvaltar ordninga og er godkjenningsmynde.

Samferdselsutvalet handsamar saker og tildeler støtte til diverse trafikktryggingstiltak. Kravet her har vore at tiltaket det vert søkt om må vere eit prioritert tiltak i trafikktryggingsplanen. Det er pr. i dag ikkje krav om at kommunen må vere godkjent som trafikksikker kommune for at ein skal kunne få tildelt midlar gjennom desse tilskotsordningane.

Herøy kommune er pr. i dag ikkje godkjent som trafikksikker kommune. Pr. i dag er det totalt 121 godkjende kommunar, men berre ein kommune i Møre og Romsdal (Sykkylven). Fylkeskommunar kan også få godkjenning som trafikksikker fylkeskommune (Vestfold og Telemark godkjent pr. i dag).

## 4.2 Hjartesone

"Hjertesone" er eit konsept i regi av Trygg Trafikk som handlar om å redusere trafikken rundt skulane for å førebygge farlege trafikksituasjonar. Det etablerast droppsoner utanfor hjartesona til skulane, der barna blir satt av og henta. Barna må då gå litt meir for å kome seg til og frå skulen. Dette er positivt for folkehelsa og trafikktryggleiken, men det kan vere ei utfordring å få føresette med på. Ei hjartesone gjer det sikrare for barna som går og syklar til skulen. På heimesida til Trygg Trafikk finn du verktøykasse for etablering av hjartesone ved din skule.

## 4.3 Trafikkopplæring i barnehage og grunnskule

I rammeplanen for barnehagen (2017) står det:
*"Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforsker ulike landskap, blir kjent med institusjoner og steder i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdes trygt."*

Dei nye kompetansemåla for grunnskulen er gitt i læreplanverket frå Utdanningsdirektoratet:

- Etter 2. trinn: Øve på trygg ferdsel i trafikken.
- Etter 4. trinn: Forstå og følgje reglar i trafikken.
- Etter 10. trinn: Vurdere risiko og sikkerheit ved ulike uteaktivitetar, forstå og gjennomføre sporlaus og trygg ferdsel.

I tillegg gir det nye læreplanverket samla sett

moglegheiter for ein breiare måte å drive trafikkopplæring på, knytt til skulen sitt verdigrunnlag og nye tverrfaglege tema som blant anna folkehelse, livsmeistring og berekraftig utvikling.

Ny læreplan i valfaget *Trafikk for ungdomstrinnet* tredde i kraft frå skuleåret 2020–2021.

Valfaget er eit sjølvstendig fag, men for elevar på 9. og 10. trinn kan skulen tilrettelegge for trafikalt grunnkurs innafor ramma av valfaget. Uavhengig av trafikalt grunnkurs kan alle skuler tilby valfaget, men undervisning i trafikalt grunnkurs krev vidareutdanning (Frå boks 9.6 s. 152 i NTP).

# 5. Mål og strategi

## 5.1 Mål - Nullvisjonen

Herøy kommune vidarefører nullvisjonen om ingen drepne eller hardt skadde i vegtrafikken.

I perioden 2021-2024 har trafikktrygginsarbeidet i Herøy som mål å redusere talet på ulykker for kvart år og å redusere konsekvensen av dei ulykkene som skjer.

## 5.2 Strategi

For å oppnå kommunen sitt trafikktryggleiksmål har trafikktryggingsarbeidet tre hovudstrategiar.

### 1. Utbetre farlege strekningar og punkt

Tiltak skal særleg setjast inn på strekningar og punkt som har høgare ulykkesrisiko og høg frekvens av mjuke trafikantar. Særleg skulevegar og vegar til og frå fritidsaktivitetar for born og unge skal prioriterast. Å skilje gang- og køyreveg og å legge til rette for trygge kryssingspunkt for mjuke trafikantar er eit av dei viktigaste tiltaka.

### 2. God standard på drift og vedlike hald

Herøy kommune vil satse på god drift og vedlikehald av vegar, gangvegar og fortau. Brøyting og strøing skal ha høg prioritet også på vegnettet for dei mjuke trafikantane.

Arbeidet med å sikre god sikt i kryss og svingar skal prioriterast. Også private hekkar og buskas som hindrar sikt skal klippast etter gjeldande norm. Mindre tiltak som skilting og oppføring av bom etc. skal utførast der dette blir sett på som verknadsfullt knytt til trafikktryggleiken.

### 3. Fremje gode haldningar og god åtferd i trafikken

Kommunen skal arbeide kontinuerleg med å fremje gode haldningar og trygg atferd i trafikken, i samarbeid med politi og andre aktuelle instansar. Opplæring og førebygging i barnehagar og grunnskular skal følgje rammeverk og nytte seg av aktuelle verktøy og tilbod frå eksterne aktørar som driv med førebyggjande trafikktryggingsarbeid.

Det er rapportert om mangel på gatelys svært mange stader. Nokre stader er prioritert i planen, men mange stader må av økonomiske årsaker vente. Det er svært viktig at folk nyttar hovudlykter og refleks ved behov. Då vil ein ein sjå og bli sett.



Foto: Wenche Moltu

# 6. Måloppnåing/gjennomførte tiltak i gjeldande trafikktryggingsplan

### Handlingsplan 1: Større tiltak

1 av 7 tiltak er utført. Dette gjeld prioritet nr 1 Skarabakken.

### Handlingsplan 2: Mindre tiltak

3/4 av 6 tiltak er utført heilt eller delvis. Dette gjeld:

- Prioritet nr. 2 Frøystadkrysset – Her er sett opp stoppskilt. Tilbakemeldingar frå publikum om at tiltaket har gjort tilhøva betre.
- Prioritet nr. 4 Nærøykrysset – var ferdigstilt i mai 2020, gjenstår nokre småting.
- Prioritet nr. 6 Fortau Bergslibakken – er ferdig regulert. Kommunen søkte om 50/50-midlar for gjennomføring i 2022, men fekk avslag. Vil søkje igjen for 2023.
- Prioritet nr. 1, skuleområde Bergsøy – kommunen søkte og har motteke 50/50-midlar for utføring av tiltaket i 2022 (treng ikkje regulering, berre skisse).

### Handlingsplan 3: Små fysiske tiltak

5 av 13 tiltak er utført heilt eller delvis. Dette gjeld:

- Prioritet nr. 1 Fosnavåg sentrum
- Prioritet nr. 2 Gjerde ved gang- og sykkelveg ved undergang i Tjørvåg
- Prioritet nr. 3 Busskur ved bedehuset i Sævikane
- Prioritet nr. 7 Intensivbelysning ved overgang Coop Tjørvåg
- Prioritet nr. 10 Intensivbelysning ved overgang MIX Eggesbønes

### Handlingsplan 4: Fartsreduserande tiltak på kommuneveg, fartshumpar

5 av 6 tiltak er utført. Dette gjeld alle utanom prioritet nr. 6 der bebuarane har bedt oss vente med tiltaket.

Lista over utførte tiltak viser at trafikktryggingsplanarbeidet fungerer etter hensikta. Mange tiltak har blitt gjennomført i perioden, men det er også mange tiltak som enno ikkje har blitt prioritert og gjennomført. Fleire av desse tiltaka er vidareført i denne planen.

# 7. Ulykkessituasjonen og utvikling i Herøy kommune

## 7.1 Trafikkmønster

Fylkesveg 654 går som ein hovudåre gjennom kommunen frå Dragsund i søraust til Fosnavåg sentrum i nordvest. Frå fv. 654 går det ein fylkesveg via Moltustranda mot Sande kommune, til Torvik/ Bø, til Leine/ Remøy/Runde og frå Fosnavåg via Nerlandsøy til Kvalsvik.

Fylkesveg 61 tek av frå fv. 654 i Myrvåg og går mot sør gjennom Leikong mot Sande kommune. Frå Leikong går det fylkesveg til Jøsok/Voldnes.

## 7.2 Køyretøy

| **Køyretøy i Herøy kommune pr. april 2019** | | | |
|---|---|---|---|
| **Type køyretøy** | | **Type køyretøy** | |
| Personbilar | 5250 | Traktor | 360 |
| Buss | 8 | Motorreiskap | 10 |
| Kombibilar | 15 | Moped | 332 |
| Varebilar | 920 | Motorsykkel | 261 |
| Lastebilar | 79 | Beltemotorsykkel | 9 |
| **Sum bilar** | **6264** | Tilhengar | 1725 (2011-tal) |

Tabell 1: Registrerte køyretøy i Herøy kommune pr. 2019

Oversikta over registrerte køyretøy viser at Herøy kommune hadde 7244 køyretøy i 2019, eksklusiv registrerte tilhengarar. Dette er ein auke på litt over 1000 køyretøy frå 2011, som var tala i førre trafikktryggingsplan.




## 7.3 Kva kostar trafikk-ulykkene?

Den som vert ramma av ei trafikk-ulykke, kan i tillegg til auka kostnadar til livsopphald og pleie, få store problem med daglege gjeremål som igjen fører til redusert livskvalitet.
Pårørande vert påført ulemper både av praktisk og psykisk karakter.

Totalt reknar ein med at kvar politi- rapporterte personskadeulykke representerer samla samfunnsøkonomiske kostnadar på om lag 2,4 millionar kroner, basert på produksjonsbortfall, medisinske kostnadar, materiellkostnadar og administrative kostnadar. Ifølge eit skriv frå regjeringa (Nasjonal strategi – Ulykker i Noreg, nasjonal strategi for førebygging av ulykker som medfører personskade 2009- 2014), kostar dødsulukkene i trafikken på landsbasis, 26 milliardar kroner i året.

Foto: Wenche Moltu

## 7.4 Trafikkskadeulykker i Herøy

Data om ulykkessituasjonen i kommunen er eit viktig grunnlag for tiltaka i handlings-programmet. Tala er basert på politi-rapporterte person- skadeulykker i Statens vegvesen sin vegkartdatabase.

Dei siste 10 åra (2011-2020) er det registrert totalt 79 trafikkulykker med totalt 98 person-skader i Herøy. Dei 10 føregåande åra (2001-2010) var det registrert 200 personskader og dei 10 åra før der igjen (2000-2009) var det registrert 230 personskader. Det viser ein fin trend, men vi er enno ikkje på målet om 0 drepne og hardt skadde, sjølv om vi nokre av dei siste åra berre har hatt trafikkulykker med lettare skade. I 2020 vart ein person hardt skadd og heile 17 personar lettare skadde i trafikken. Det er ein auke sett mot tidlegare år.




Figur 7: Over dei siste 31 åra er tendensen positiv med eit minkande tal drepne og hardt skadde i vegtrafikkulykker i Herøy.

På landsbasis er tal på drepne i trafikken minkande. Det viser seg derimot at talet på hardt skadde har vore ganske stabilt over mange år, og ikkje hatt ynskt reduksjon.

Samferdsledepartementet set no i gang eit prosjekt for å finne ut korleis ein også kan få ned tala på hardt skadde i trafikken.

## Trafikkskadeulykker i Ytre Herøy siste ti åra




Figur 8: Registreringspunkt for kvar trafikkulykker med personskade har skjedd siste 10 åra, perioden 2011-2020, ytre Herøy.

I ytre Herøy har det skjedd 50 veg-trafikkulykker med personskade i siste tiårs-periode. Dei aller fleste ulykkene skjer langs fylkesvegen. Fleire av ulykkene er knytt til krys-singspunkt inn til fylkesvegen.

24 av ulykkene har skjedd langs fv. 654 på Bergsøya. Tyngdepunktet av ulykkene er registrert på strekninga frå Spar Myklebust til rundkøyringa til Mjølstadneset.

23 av ulykkene har skjedd på Leinøya, hovudsakleg på fylkesvegstrekninga frå Røyra til avkøyrsla mot Runde på Buholmen. Tyngde-punktet for ulykkene ligg på strekninga Koppen – Frøystadkrysset.
Tre av ulykkene på Leinøya har skjedd langs fylkesveg 5872, frå Frøystadkrysset til Bø.

To ulykker har skjedd på Nerlandsøya. Den eine langs fylkesvegen og den andre i bygge-felt, begge på Teigane.

Det har skjedd ei ulykke på Remøya; ei møte-ulykke i Sæviktunnellen.

På Runde har det ikkje skjedd trafikk-ulykker med personskade siste ti åra.

## Trafikkskadeulykker Indre Herøy siste ti åra




Figur 9: Registreringspunkt for kvar trafikkulykker med personskade har skjedd siste ti åra, perioden 2011-2020, indre Herøy.

På Herøysida av Gurskøya, inkludert Nautøya og Jensholmen, har det skjedd totalt 29 trafikk-ulykker med personskade siste ti åra (2011-2020).

11 ulykker har skjedd langs fylkesveg 654 frå Dragsund til Indre Tjørvåg, medan sju ulykker har skjedd frå Stokksund til Herøybrua. Ulykkespunkta er ganske spreidde i områda Dragsund, Myrvåg og indre Tjørvåg.

I Stokksundkrysset (Grytvika) har det skjedd 3 ulykker. I nærleiken av avkøyringa til Nautøya har det skjedd to ulykker, og ei ulykke litt før Herøybrua.

Seks av ulykkene har skjedd langs fylkesveg 61 frå Leikongkrysset til Leikongeidet. Tyngde-punktet av ulykkene ligg i nærleiken av avkøy-ringa mot Kjelsund. På Leikong var det i tillegg ei ulykke i byggefelt.

Det har ikkje skjedd trafikkulykker med personskade langs fylkesveg 5870 frå Leikong kyrkje til Vålneset siste ti åra.

Langs fylkesveg 5868 frå Stokksundkrysset (Grytvika) til kommunegrense på Tarberg har det skjedd fire ulykker siste tiårsperiode. Ei i Sandvika, ei på Rysseneset, ei i Munkestranda og ei på ytste Tarberg. Det har ikkje skjedd personskadeulykker på Moltu i perioden.

## Oversikt over fotgjengarulykker i Herøy siste ti åra




Figur 10: Oversikt over fotgjengarulykker i Herøy siste ti åra, 2011-2020.

Det har skjedd totalt 14 fotgjengarulykker i Herøy siste ti åra, 2011-2020. Åtte av dei på Bergsøya, resten spreidd som kartet viser, med ei ulykke på kvart grøne punkt.

12 av ulykkene har skjedd langs fylkesveg, dei fleste i samband med kryssing.




Foto: Wenche Moltu

## Trafikkulykker utan personskade

I samband med prosessen med utarbeidinga av trafikktryggingsplanen har vi forsøkt å få tak i informasjon om trafikkulykker utan registrert personskade. Dette viser seg svært vanskeleg å oppdrive. Forsikringsselskapa rapporterer tilbake at dei ikkje registrerer kvar ulykka skjer. Nokre rapporterer kva kommune ulykkene skjer i, men ikkje alle.

Vegvesenet har heller ikkje oversikt over anna enn ulykkene som har personskade.

Norges Automobil Forbund, NAF, har etablert digital skademelding, men dei har ikkje fått på plass funksjon for kartfesting av ulykkesstad.

Fleire kommunar og instansar som arbeider med kartlegging av ulykkesstader kunne hatt nytte av betre oversikt på dette området, så det er berre å håpe på at teknologiutviklinga gjer dette mogleg i nær framtid.




## Ulykkesstrekning

**Definisjon:** Ei strekning på inntil ein km der det har skjedd minst ti personskadeulykker i løpet av fem år.

I følgje Statens vegvesen, har ikkje Herøy kommune nokon strekningar som er definerte som ulykkesstrekningar.

## Ulykkespunkt

**Definisjon:** Ei strekning på inntil 100 meter med minst fire personskadeulykker i løpet av fem år.

Herøy har ingen punkt som er definert som ulykkespunkt. Det næraste ulykkespunktet i regionen er Dimnakrysset i Ulstein kommune.

# 8.Handlingsprogram

## Generelt om tiltakstypar og prioritering av tiltak.

Ein har delt handlingsplanane inn slik:

1) Større tiltak
2) Mindre tiltak
3) Små tiltak
4) Fartsreduserande tiltak, fartshumpar
5) Langsiktige tiltak
6) Åtferdsendrande tiltak
7) Planleggingstiltak




Figur 11: Åtferdsendrande tiltak gjennom opplæring, informasjon, kontroll og overvaking er viktig for alle aldersgrupper. Her ein verknadsfull plakat som vender seg direkte til bilførar.

# Handlingsplan 1: Større fysiske tiltak langs kommune- og fylkesvegar.

| Pri. nr. | Stad / vegnr. | Type tiltak | Grunn-gjeving | Ansvar | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Leine- Remøy-holm fv. 5876 | Ny fylkesveg 5876 Gang- og sykkel-veg og utbetring av kryss. | Ny fylkesveg 5876 Gang- og sykkelveg og ut-betring av kryss. | Fylkes-kommunen<br><br>Herøy kommune | Reguleringsplan vedtatt 09.05-2019.<br>Prioritet åtte i fylkeskommunen sitt investerings-program.<br>Dvs. etter 2023. |





Reguleringsplan for strekninga Leine / Remøyholm



Reguleringsplan for Leine og regulert kryssutforming.



Foto av kryss på Leinane.

| Pri. nr. | Stad / vegnr. | Type tiltak | Grunngjeving | Ansvar | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|
| 2 | Indre Herøy kyrkje – Stokksund fv. 654 | Ny gang og sykkelveg Omlegging av fylkesveg | Ny gang og sykkelveg Omlegging av fylkesveg | Fylkeskommunen | Reguleringsplan vedtatt 09.05-2019. Prioritet åtte i fylkeskommunen sitt investeringsprogram. Dvs. etter 2023. |





| Pri. nr. | Stad / vegnr. | Type tiltak | Grunngjeving | Ansvar | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|
| 3 | Nerlandsøy strekning bru, Teigane, skulen. | Ny fylkesveg 5878/5880<br>Gang- og sykkelveg | Ikkje tilfredsstillande standard på fv. Behov for ny GSV grunna utrygg skuleveg | Fylkeskommunen<br><br>Herøy kommune | Også satt opp midlertidige tiltak i handlingsplan 2 og 4. |




| Pri. nr. | Stad / vegnr. | Type tiltak | Grunngjeving | Ansvar | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|
| 4 | Fylling, Myklebust (Bergsøya) fv. 654. | Langs FV<br>Skilje gang-, trafikk- og parkeringsareal. Skilje areal for gåande og køyrande på vestsida av fv. 654. | Kryssproblematikk og manglande gang-/sykkelveg | Fylkeskommunen | Behov for heilskapleg reguleringsplan for området. |



| Pri. nr. | Stad / vegnr. | Type tiltak | Grunn-gjeving | Ansvar | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|
| 5 | Frøystad-Torvik fv. 5872 | Ny fylkesveg 5872 Gang- og sykkel-veg | Behov for ny GSV grunna utrygg skuleveg. Vurdér forlenging til Sande og fortau i staden for gang-/ sykkelveg. | Fylkeskommunen Herøy kommune | Treng regulering |



| Pri. nr. | Stad / vegnr. | Type tiltak | Grunngjeving | Ansvar | Kommentar |
|---|---|---|---|---|---|
| 6 | Moltustranda, fv. 5868 | Omlegging av fylkesveg og ny gang- og sykkelveg. Siktutbetring og breiddeutviding av veg. Gjeld strekning frå Gamlevegen til Nygjerdevegen | Smal og uoversiktleg veg. Trafikkfarleg skuleveg | Fylkeskommunen<br><br>Herøy kommune | Treng regulering |




**Reguleringsplan for FV 5868 på Moltustranda.**

